




Vest politidistrikt
Postboks 285, Sentrum
5804 BERGEN
Post.vest@politiet.no

Nærpolitireforma – Avgrensing av ny GDE: Indre Hordaland

Hardangerrådet vil gje følgjande innspel til ny GDE for Indre Hordaland. Dette innspel er drøfta i Hardangerrådet som består av ordførarane i dei sju Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Innspelet er ikkje drøfta med kommunane utanfor Hardanger som evt. vert del av ei ny GDE.

Ny GDE – Indre Hordaland

Hardangerrådet føreslår ny GDE som vil omfatta 4 av dagens lensmannsdistrikt: Voss, Hardanger, Kvam/Samnanger og Kvinnherad. I denne GDE ser Hardangerrådet føre seg 4 tenestestader: Voss, Norheimsund, Odda og Husnes. Dette samsvarer med lokalisering av hovudkontor i dagens lensmannsdistrikt.



Målsetjingar for Hardanger med oppretting av ny GDE: Indre Hordaland:

- Størst mogeleg politikraft
- Best mogeleg publikumstenester

Styrka Hardanger Tingrett
Sikra og utvikla Påtale Hardanger
Sikra og styrka lokal arrestordning
Best mogeleg ressursbruk ift. spesialoppgåver/stillingar eks. påtale, miljøkoordinator.

Viktige argument for forslaget:

Ny GDE tar utgangspunkt i etablerte lensmannsdistrikt/tenesteordningar basert på dagens ressursar
Forslaget legg ikkje opp til deling av dagens lensmannsdistrikt
Modellen samlar alle Hardangerkommunane i same GDE

Denne GDE vil vera ei sterk eining ift:

Beredskap
Store høgjellsområde
Viktige høgjellsveggar; Rv 7 og E 134 Rv 13
Vertilhøve
Mange redningsaksjonar
Trong for innsatsleiing
Avstandar
Store avstander / Lave folketal
Dårleg vegstandard / Mange ferjesamband
GDE vil ha etablert arrestordning
Etablert for Hardanger lensmannsdistrikt. Kan fungera for deler av ny GDE
GDE vil styrkja Hardanger Tingrett
Voss og Kvinnherad lensmannsdistrikt vil tilføra Hardanger Tingrett ny aktivitet. (MRK Saker i Kvinnherad vert iretteført i Hardanger).
GDE vil samsvara med ansvarsområde for Påtale Hardanger.
Samordning av denne funksjon innanfor GDE.
GDE vil vera naturleg base for Våpenkontor i Vest politidistrikt.
Våpenkontor Hardanger (i Odda) dekkjer tidlegare Hordaland politidistrikt.
Dette bør utvidast til å gjelda for heile Vest politidistrikt.

Denne GDE oppfyller kravet til at 90% av innbyggjarane skal kunne nå ein tenestestad innan 45 minutt.

Senter for GDE bør plasserast sentralt i den nye eininga og det er naturleg å sjå Odda som det mest aktuelle alternativ. Odda har bygningsmasse, arrest og spesialrom tilsvarande behovet i eit nytt GDE.

Denne GDE vil også vera ein naturleg base for to UP-patruljer.
Denne GDE oppfyller i stor grad føringane i Nærpolitireforma som inneber at kvar GDE i størst mogeleg grad skal løyse dei fleste oppdrag med eigne ressursar.

Kinsarvik, 6. september 2016

Med fruktbar helsing
Hardangerrådet IKS

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

